



EIN HÅNDFULL KOMPLIMENT


Heng arket på ryggen din med teip.
Lat alle i klassen skrive eit kompliment til deg inne i handa.
Klipp ut handa og heng den opp ein stad der du kan lese
dei hyggelege tinga dei andre har skrive om deg.




PAPIRDUKKE

Teikn og fargelegg deg sjølv. Lim på garn til hår.





VI HÖYRER SAMAN



DILEMMAKORT 1

I Spire samfunnsfag møter elevane aktiviteten dilemma.

dilemmakort 1

Liker du rosa eller blått best? Grunngi svaret ditt.

dilemmakort 2

Er sminke berre for jenter? Forklar kva du meiner.

dilemmakort 3

Du skal ut å fly og er så heldig å bli plukka ut til å helse på piloten. Forventar du at piloten har bukser eller skjørt? Forklar svaret ditt.

dilemmakort 4

Du er gut og får ei Barbie-dukke i julegåve av mormor. Ho ser spent på deg medan du tar av julepapiret. Kva seier du til mormor?

dilemmakort 5

Trur du alle gutar liker å leike med bilar? Kvifor? Kvifor ikkje?

dilemmakort 6

Du smugkikkar på alle gutane som spelar fotball i friminutta. Inni deg vil du veldig gjerne vere med. Ingen av dei andre jentene likar fotball. Kva gjer du?

dilemmakort 7

Far stryk klede, vaskar huset, vaskar klede og lagar mat. Mor ber ut søpla, klipper gras, vaskar bilen og køyrer deg til alle treningar. Stemmer denne skildringa med slik du synest det skal vere?

dilemmakort 8

Du og søstera di er tvillingar. Pappa spør om du vil vere med på jakt. Mamma spør om søstera di vil vere med å shoppe. Kva kjønn er du?

dilemmakort 9

Du er jente og elsker å leike med bilar. Venninna di kjem plutseleg opp på verandaen medan du sit med ein radiostyrt bil. Kva seier du?

dilemmakort 10

Er det reklame, TV og media som bestemmer kva du skal like? Forklar kva du tenkjer.

DILEMMAKORT 2

I Spire samfunnsfag møter elevane aktiviteten dilemma.

dilemmakort 11

Mamma vil at du skal ha på eit søtt skjørt med blomar til sommaravslutninga. Du vil heller ha på deg ein svart bukse og ein svart genser. Kva blir resultatet? Kvifor blei det slik?

dilemmakort 12

Du er på sykehus og får beskjed om å vente på en sykepleier. Hvem ser du for deg skal komme? En dame eller en mann? Forklar svaret ditt

dilemmakort 13

Du er ein gut som elsker rosa. Går du med rosa klede på skulen?

dilemmakort 14

Alle gutane i klassen din spelar fotball. Du likar dans betre. Vel du å halde fram med dansing eller byrjar du på fotball? Grunngi svaret ditt.

dilemmakort 15

Trur du alle jenter likar å fargeleggje og teikne? Kvifor? Kvifor ikkje?

dilemmakort 16

Du smugkikkar på alle jentene som hoppar tau i friminutta. Inni deg vil du veldig gjerne vere med. Ingen av dei andre gutane likar å hoppe tau, dei vil berre spele fotball. Kva gjer du?

dilemmakort 17

Pappa er elektrikar, mamma jobbar i ein barnehage. Du er jente - kven vil du vere med på jobb? Du er gut - kven vil du vere med på jobb? Kvifor valde du slik? Grunngi svaret ditt.

Dilemmakort 18

Bestefar har vore snekker i over 60 år. Han vil gjerne gi verktøyet sitt til bror din. Du som er jente, får ingenting. Kva tenkjer du om det?

dilemmakort 19

I Lillevik er alle dei tilsette på brannstasjonen kvinner. Kan det gå an då? Er Lillevik trygg då?

dilemmakort 20

Læraren din fortel klassen at då ho var ung så hadde jentene handarbeid på skulen, medan gutane hadde sløyd. Kva tenkjer du om den fordelinga? Var det lurt å ha det slik?

DILEMMAKORT 3

I Spire samfunnsfag møter elevane aktiviteten dilemma.

Rettferdighet dilemma kort 21

Dokke er tre vener som skal ha eitt glas saft kvar. Eitt av glasa blir så fullt at det nesten renn over. Du kan velje først. Kva glas vel du?

Rettferdighet dilemma kort 22

Er det rettferdig at nokon i klassen din får lov til å spele spel med 18-årsgrense, og ikkje du?

Rettferdighet dilemma kort 23

Det er laurdagskveld og tid for laurdagsgodteri. Mamma set fram tre skåler med smågodt på bordet. Det er éin skål til deg og éin til kvar av dei eldre syskena dine. Du oppdagar at syskena dine har fått meir godteri enn deg. Det synest du er urettferdig. Dei seier det er rettferdig, sidan dei er eldre. Diskuter kva som er mest rettferdig.

Rettferdighet dilemma kort 24

Barn i Norge har mange leikar, hus å bu i, nokon som tar vare på dei, skulegang, og dei kan ete seg mette kvar dag. Mange barn i Ghana har nesten ingen av desse tinga. Er det rettferdig eller urettferdig? Grunngi svaret ditt.

Rettferdighet dilemma kort 25

Du er veldig flink i matte. Du har fått meir mattelekser enn han som sit ved sidan av deg. Du veit at han strevar litt i mattetimane. Kva gjer du?
1) Klager til læraren og forlanger mindre lekser.
2) Godtek at du får fleire lekser fordi du forstår meir enn han ved sidan av deg.

Rettferdighet dilemma kort 26

Dokke leikar kongen på haugen. Ei jente fell og slår seg. Ho spring etter deg fordi ho trur det er du som spente bein på henne. Du såg det var ein annan som gjorde det. Fortel du kven det var? Eller vel du å ikkje seie noko? Grunngi svaret ditt.

Rettferdighet dilemma kort 27

Du får høyre at ein gut på skulen har mista 50 kr. Denne guten har erta deg fleire gonger. Ingen andre ser at du finn 50-lappen ved huska i friminuttet. Du kjenner at du ikkje har lyst til å gi han pengane tilbake. Er det rett at du beheld 50-lappen sjølv, sidan guten har plaget deg? Kva gjer du?

Rettferdighet dilemma kort 28

Er det rettferdig at du et heile kakestykket, når venen din ved sidan av deg ikkje får noko?

Rettferdighet dilemma kort 29

Alle i klassen får lov til å sykle til og frå skulen. Foreldra dine seier du må vente til du er ti år, då det er anbefalt grense frå Trygg Trafikk. Er det rettferdig at du ikkje får sykle, når alle dei andre får lov?

Rettferdighet dilemma kort 30

Linn løper raskare opp akebakken enn dei andre barna. Difor kjem ho først i køen. Er det rettferdig at ho sklir først ned kvar gong?

DILEMMAKORT 4

I Spire samfunnsfag møter elevane aktiviteten dilemma.

dilemmakort 31

Du slit med å lese. Difor får du tilbod om eit lesekurs på skulen. Det tyder at du må lese meir enn dei andre i klassen ei tid framover. Du veit at den einaste måten å bli flinkare til å lese på er å øve. Er det rettferdig at du må lese meir enn dei andre i klassen?

dilemmakort 33

5.klassingane slepp ofte ut før det ringjer. Karusellen er difor nesten alltid oppteken når du og dine klassekameratar kjem ut i friminuttet. Korleis kan man løyse dette slik at alle får bruke karusellen?

dilemmakort 35

Er det rettferdig at dei som er best til å spele fotball, blir plukka ut til laget først?

dilemmakort 37

Når eit fotballag leiar med fire mål i barnefotball, kan det andre laget sette inn ein ekstra fotballspelar. Er det rettferdig?

dilemmakort 39

Du og ei venninne skal på kino. Du har fått med deg litt lommepengar til ein brus og ein sjokolade. Din venninne har fått med seg ein 200-lapp og handlar mykje godteri. Er det rettferdig?

dilemmakort 32

Kameraten din har skilte foreldre. I sommarferien får han alltid to turar til Syden og fleire turar til fornøylesparkar. Dine foreldre bur saman. De drar ein sjeldan gong til Syden, men er stort sett heime. Er det urettferdig at kameraten din reiser meir enn deg?

dilemmakort 34

Ein ven av deg som heiter Petter, knuser ruta ved biblioteket. Han fortel det til deg, men ber deg om ikkje å seie noko. Etter ei stund oppdagar læraren at det er Petter som har knust ruta. Hos rektor seier Petter at du var med på det. Kva seier du?

dilemmakort 36

Carl rekk ofte opp handa når læraren spør om noko. Mathilde rekk opp handa ein sjeldan gong. Likevel lar læraren Mathilde svare like ofte som Carl. Er dette rettferdig?

dilemmakort 38

Ei jente i klassen bråka mykje på skulen i timane. Læraren har inngått ein avtale med henne om at viss ho gjer arbeidsarket ho får i kvar time og ikkje bråkar, så kan ho få gå ut dei siste minutta og leike i skulegarden. De andre i klassen får ikkje gå ut, sjølv om de har gjort det de skal. Er det rettferdig?

dilemmakort 40

På skulen får elevane i 7.klasse lov til å vere inne i friminutta kvar dag, viss dei har lyst. I din klasse må de alltid ut, uansett kor dårleg ver det er. Rektor seier at dette er ein regel som dei har hatt i mange år, og at når de kjem i 7.klasse blir det dykkar tur. Er dette rettferdig?

DILEMMAKORT 5

I Spire samfunnsfag møter elevane aktiviteten dilemma.

dilemmakort 41

Den beste venen din ber deg om å dytte ein annan i klassen fordi dei er uvenner. Kva gjer du?

dilemmakort 42

Du går ned gata hand i hand med bestemora. Fleire frå klassen kjem plutselig mot dykk. Slepp du handa til bestemora, eller held du fram å halde handa hennar?

dilemmakort 43

Mange på fotballaget har byrja å banne når dei bommar på eit mål eller gjer ein dårleg pasning. Du gjer plutselig ein skikkeleg bommert. Kva gjer du då?

dilemmakort 44

Du har lenge håpa på å bli venn med ein gut i klassen som er ganske så kul. Inni deg føler du deg verken kul eller tøff. Korleis kan du gå fram slik at du blir venn med guten?

dilemmakort 45

Mamma ropar «Ha det vesle elsklingen min. Ha ein fin dag» slik at kameratane dine høyrer det. Kva seier du tilbake til mamma?

dilemmakort 46

Pappa er trenar for fotballaget. Du legg merke til at han alltid vel deg først. Synest du det er greitt? Gjer du noko med det? I tilfelle kva?

dilemmakort 47

Den søtaste jenta i klassen har skrive eit kjærleiksbrev til deg. Dette ser kameratane dine. Du er ein av dei som vanlegvis seier at du ikkje vil ha jentelus, men egentleg har du likt jenta lenge. Kva seier du til kameratane dine? Kva seier du til jenta?

dilemmakort 48

Du er åleine i friminuttet. Du har spurt nokon om å få vere med i leiken, men dei har sagt nei. Kva gjer du? Kva kunne du gjort?

dilemmakort 49

Du ser at ein frå klassen står åleine i skulegarden. Du har det skikkeleg gøy saman med kompisane dine. Kva gjer du?

dilemmakort 50

Mamma har forsove seg. Det gjer at du kjem for seint på skulen. Læraren kjeftar på deg fordi du kjem for seint. Fortel du grunnen eller lar du vere?

DILEMMAKORT 6

I Spire samfunnsfag møter elevane aktiviteten dilemma.

dilemmakort 51

To av jentene i klassen har bursdag. Dei har med kvar si kake. Du er den siste som skal forsyne deg. Alle har teke frå den eine kaka, den andre er ikkje rørt. Du ser at ho som har laga den urørte kaka, er lei seg. Du har mest lyst på den kaka som alle har forsynt seg av. Kva for ei kake tek du?

dilemmakort 52

Mamma insisterer på å fylgje deg inn på skulen kvar dag. Korleis reagerer du? Kva ville du sagt til henne?

dilemmakort 53

Kameratane dine lar hjelmen henge på sykkelstyret medan dei syklar til skulen. Du veit du bør ha den på, og at foreldra dine blir sinte om dei ser deg utan hjelm. Kva gjer du?

dilemmakort 54

Du er i butikken og nokon frå klassen står utanfor butikken og deler ut godteri. Du går bort og blir tilbydd ein sjokolade. Då fortel ein at dei har stole godteriet. Kva seier du? Kva gjer du med sjokoladen du har i handa?

dilemmakort 55

Du kjem inn på do og ser at nokon har slengt utover alt tørkepapiret på golvet. Kva gjer du?

dilemmakort 56

Du har fått ei leselekse og har gløymt boka på skulen. Kva gjer du?

dilemmakort 57

Du er i symjehallen. Der er det ein diger sklie som du elsker. Ei jente i klassen seier ho ikkje vil prøve den. Nokon andre rundt dykk byrjar å le av henne og kallar henne ein pyse. Kva seier og gjer du då?

dilemmakort 58

Ein i klassen har gløymt å lade lpaden sin og får ikkje gjort alle dei morosame arbeidsoppgåvene i timen. Du har ein ladar i sekken, men den personen som no har gløymt ville ikkje låne ut sin ladar til deg då du hadde gløymt. Kva gjer du?

dilemmakort 59

Pappa var noregsmeister i Taekwondo då han var ung. Han har i bursdagsgåve til deg kjøpt både drakt og bag frå klubben. No fortel han lukkeleg at du har fått plass på neste kurs. Du har ikkje lyst til å byrje. Kva gjer du? Og kva seier du då?

dilemmakort 60

Lillesøstera di har ein kosebamse som ho elsker over alt på jorda. Dessverre øydelegg hunden din bamsen så mykje at den må kastast. Seier du sanninga til henne?

ROLLER – Får jeg det til

Klipp ut korta og gi kvar elev kvart sitt kort.

Sjenert

Grei

Stille

Tøff

Morsom

Arbeidsam

Flink

Kul

Snill

Sur

Omtenksam

Usikker

Pratsam

Hyggeleg

ROLLER – Får jeg det til

Klipp ut korta og gi kvar elev kvart sitt kort.

Hjelpelaus

Koseleg

Slem

Lat

Redd

Glad

Sint

Trøytt

Klovn

Skuffa

Dum

Sjølvsikker

Utenfor

Vennleg

Lag ei dyremaske av papir

Bjørn: Teikn ein stor sirkel på brun kartong (21 cm i diameter) og ein mindre oval sirkel i grå kartong (15 cm). Klipp ut sirklane. Den lille sirkelen er snutepartiet og limast på den store sirkelen i nedre ytterkant. Klipp ut eit «kakestykke» frå ytterkant A og B inn mot sentrum av den store sirkelen. Bøy A mot B slik at snutepartiet stikk litt utover. Stift møtepunktet A og B saman nederst. Klipp ut øyrer og lim på maska. Teikn, lim og klipp hull til augo. Bruk svart maling eller tusj til snute og munn. Feste ein strikk på kvar side av maska, slik at du kan feste maska til øyrene dine eller rundt hovudet.



Lag ei teatermaske av gips

Sjå korleis kulturskulen i Tromsø lagar teatermaske av gips. Du finn ein fin og enkel instruksjon her på [You tube](#)




Fattigdom – kven og kor?

Eitt av berekraftsmåla til FN er å utrydde fattigdom i verda. Likevel lever veldig mange menneske i ekstrem fattigdom.

Vi seier at menneske som har mindre enn 11 kroner å leve for kvar dag, er ekstremt fattige. Kartet du ser under, viser kor det er mykje og lite fattigdom i verda.

Studer kartet og svar på oppgåvene.




- ① Kva for land har flest menneske som lever i ekstrem fattigdom?
- ② Nemn minst fem land som nesten ikkje har fattigdom.
- ③ Vel eitt av landa som er merka raudt. Søk på internett.
 - Kva heiter landet?
 - Kor mange bur der?
 - Kva lever dei av?
 - Kva heiter hovudstaden?

DESIGN DI EIGA FOLKEDRAKT

Kva er ei folkedrakt? Sjekk ut bilete på nettet.

Teikn, design og fargelegg di eiga folkedrakt på papirdukk.



Det var ein gong ein mann som heitte Oskepeis, og han hadde ei kone som var gravid. Dessverre kom Stállo og drepte Oskepeis. Like etter at kona fekk barnet, kom Stállo nok ein gong og spurde om ho hadde fått ein gut eller ei jente. Kona turte ikkje seie at det var ein gut for ho var redd trollet skulle drepe guten, så ho sa ho hadde fått ei dotter. Tida gjekk, og guten vart stor. Han trong jobb og gjekk til Stállo og tilbød seg å vere tenaren til trollet. Trollet ville sjå kven han tilsette og ville teste kreftene til guten. «Kva heiter du?» sa trollet. «Eg heiter Sjølv», sa guten. «Ok, Sjølv, no skal vi sjå om du er noko til kar. Kom, vi skal kaste spyd i skogen.» Dei gjekk ut i skogen for å kaste spyd. Stállo kasta så langt at dei så vidt kunne sjå spydet føre gjennom lufta. Då det vart guten sin tur, stoppa han opp og kika opp på himmelen. «Kva er det du ser etter?» sa trollet. «Eg berre lurar på kva for ei sky eg skal setje spydet mitt fast i», sa guten. «Nei, kjære gut, ikkje øydelegg spydet mitt ved å feste det der. La oss heller gå heim.»

På vegen heim sa Stállo til guten: «I morgon skal vi springe og stange hovudet i eit tre og sjå kven av oss som kan lage merke i barken!» Same natta gjekk guten ut i skogen og hogga eit perfekt hol i grana, som han dekte forsiktig over med bark. Neste dag gjekk dei ut i skogen. «Eg spring mot denne grana», sa guten og peika på treet han hadde laga hol i. «Du kan springe mot det treet», sa han og peika mot eit anna tre.

Stállo sprang og skalla huda av panna og fekk eit digert sår. Så sprang guten mot sitt tre og fekk hovudet langt inne i holet. Då vart Stállo redd og gjekk heim.

På vegen heim sa plutseleg Stállo: «Kvifor har du så skarpe auge?» «Det er fordi eg har støypt dei av tinn», sa guten. «Kan du lage slike auge til meg òg?» sa Stállo. «Nei, du vil aldri tole dei smertene som eg klarar», sa guten.

«Ha! Dei smertene du har tolte, toler nok eg òg, din lille dritt», sa trollet til guten.

Då gjekk guten til smeden og smelta tinn, som han helte inn i det

eine auget til trollet. Stállo jamra og skreik: «Åååå, auget mitt!» «Det var

det eg trudde, du toler ikkje det same som meg», sa guten til trollet. «Når

du har tolte det, må eg òg tole det», sa Stállo og ba han om å halde fram.

Guten helte så tinn i det andre auget på trollet. Då skjønnte Stállo at han var

blitt lurt og ropte etter broren sin. Broren kom og spurde kven som hadde

hatt tinn i augo til broren sin. «Sjølv brende augo mine», svara trollet.

«No, når du sjølv har gjort det, så får du sjølv ha det slik», sa broren.

Trollet skreik: «Sjølv, sjølv brende dei». Då vart broren sint: «Når du sjølv

har brent dei, kan du ha det så godt utan auge». Så gjekk broren heim.

Guten byrja å le og sa til Stállo at dette var hemnen fordi Stállo hadde

drepe faren hans. «Hadde eg berre visst at det var sånn du var, skulle

fanden ha henta deg for lenge sidan», sa Stállo.

Då drap guten Stállo, og så var denne historia ferdig.

Mange stader i verda er vatnet så skite at det er farleg å drikke dette. I elva Ganges i India er vatnet så skite at mange blir sjuke og dør av å drikke det.

I dette forsøket skal du prøve å reinse skite vatn.

Du trenger dette utstyret:

Du treng dette utstyret:

sølevatn

grus

sand

tørkepapir

bomull

ein behaldar med eit hol i botnen slik at vatnet kan renne ut.

ein gryte

ein komfyr

Framgangsmåte

Legg bomull nedst i behaldaren din. Legg eit lag med tørkepapir over bomullen.

Legg så eit lag med sand og til slutt litt smågrus over der igjen.

Set behaldaren opp i ein gryte.

Hell sølevatnet roleg over grusen og la vatnet renne pent og forsiktig ned i gryta.

Kok opp vatnet i gryta og la det fosskoke i minst 5 minutt før de studerer vatnet.

Kva skjedde

Forklar kva som skjedde med vatnet i dei to prosessane.

Kvifor trur du vatnet måtte gjennom dei ulike laga?

Kvifor trur du vatnet måtte kokast til slutt?

Om du held kartet opp ned nå, kan du ikkje himmelretningane sjå.

Opp på kartet det er _____ . Ned er _____

på denne «jord». _____ er ved di høgre hand,

_____ til venstre, nøyaktig land.


sør

vest


nord

aust

Skriv inn rette ordet i boksane.




Dei nye FYLKA I NOREG



Skriv nokre setningar om kva du veit om nokre fylke i Noreg.

Dei nye FYLKA I NOREG

Skriv inn namna på fylka



Skriv nokre setningar om kva du veit om nokre fylke i Noreg.

1 Fargelegg fylkeskartet





2 Kor mange menneske bur det i fylket ditt?

3 Kva er fylket ditt kjent for?

4 Teikn og fargelegg fylkesvåpenet.

MITT FYLKE - Troms


1 Fargelegg fylkeskartet.



2 Kor mange menneske bur det i fylket ditt?

3 Kva er fylket ditt kjent for?

4 Teikn og fargelegg fylkesvåpenet.



MITT FYLKE- Nordland

1 Fargelegg fylkeskartet.



2 Kor mange menneske bur det i fylket ditt?





3 Kva er fylket ditt kjent for?

4 Teikn og fargelegg fylkesvåpenet.

MITT FYLKE - Trøndelag

1 Fargelegg fylkeskartet



2 Kor mange menneske bur det i fylket ditt?

3 Kva er fylket ditt kjent for?

4 Teikn og fargelegg fylkesvåpenet.


MITT FYLKE – Møre og Romsdal

1 Fargelegg fylkeskartet.



2 Kor mange menneske bur det i fylket ditt?

3 Kva er fylket ditt kjent for?




4 Teikn og fargelegg fylkesvåpenet.

MITT FYLKE - Vestland

1 Fargelegg fylkeskartet.



2 Kor mange menneske bur det i fylket ditt?



3 Kva er fylket ditt kjent for?

4 Teikn og fargelegg fylkesvåpenet.

MITT FYLKE - Rogaland

1 Fargelegg fylkeskartet.




2 Kor mange menneske bur det i fylket ditt?




3 Kva er fylket ditt kjent for?

4 Teikn og fargelegg fylkesvåpenet.




MITT FYLKE - Agder

1 Fargelegg fylkeskartet.



2 Kor mange menneske bur det i fylket ditt?



3 Kva er fylket ditt kjent for?

4 Teikn og fargelegg fylkesvåpenet.

MITT FYLKE - Telemark

1 Fargelegg fylkeskartet.




2 Kor mange menneske bur det i fylket ditt?

3 Kva er fylket ditt kjent for?

4 Teikn og fargelegg fylkesvåpenet.

MITT FYLKE- Buskerud


1 Fargelegg fylkeskartet.



2 Kor mange menneske bur det i fylket ditt?


3 Kva er fylket ditt kjent for?

4 Teikn og fargelegg fylkesvåpenet.




MITT FYLKE - Vestfold

1 Fargelegg fylkeskartet.



2 Kor mange menneske bur det i fylket ditt?



3 Kva er fylket ditt kjent for?

4 Teikn og fargelegg fylkesvåpenet.

MITT FYLKE - Østfold

1 Fargelegg fylkeskartet.



2 Kor mange menneske bur det i fylket ditt?



3 Kva er fylket ditt kjent for?

4 Teikn og fargelegg fylkesvåpenet.

MITT FYLKE- Akershus

1 Fargelegg fylkeskartet.



2 Kor mange menneske bur det i fylket ditt?


3 Kva er fylket ditt kjent for?



4 Teikn og fargelegg fylkesvåpenet.

MITT FYLKE- Innlandet

1 Fargelegg fylkeskartet.



2 Kor mange menneske bur det i fylket ditt?

3 Kva er fylket ditt kjent for?

4 Teikn og fargelegg fylkesvåpenet.

MITT FYLKE- Oslo

1 Fargelegg fylkeskartet.




2 Kor mange menneske bur det i fylket ditt?




3 Kva er fylket ditt kjent for?

4 Teikn og fargelegg fylkesvåpenet.


FINNMARK






NORDLAND











ROGALAND










BUSKERUD















10 000 - 1800 f.Kr.

STEINALDEREN



1800 – 500 f.Kr.

BRONSEALDEREN



500 – 1030 e.Kr.

JERNALDEREN



1030 - 1537 e.Kr.

MELLOMALDEREN



1537 – i dag.

VÅR TID



Tidslinje – Bronsealderen i Noreg

SPiRE

Bronsealderlotto, ark 1



Klipp ut korta frå ark 1 og 2.

Grupper på to eller fleire elevar samarbeider om oppgåva. Bland korta godt og legg dei opp ned på bordet. Ein elev trekkjer to kort. Høyrer korta saman, er det eit par. Eleven som fann paret beheld desse korta. Den som får flest par vinn.


Bronsestøypar	Tinn og kopar som smeltar saman til bronse	Bronsesverd	Pil og boge
Langhus	Gravhaug	Ard	Kokegrop
Husdyr	Kullstift	Eit tova sitjeunderlag i ull	Ein arkeolog
Helleristningar	Bronsealder- smykker	Ein sigd	Bronsebukkane frå Hadeland
Kulturhistorisk museum	Flintstein	Skilt som viser at du er i nærleiken av eit kulturminne eller eit museum	Ein vev

Bronsealderlotto, ark 2

SPiRE

Klipp ut korta frå ark 1 og 2.

Grupper på to eller fleire elevar samarbeider om oppgåva. Bland korta godt og legg dei opp ned på bordet. Ein elev trekkjer to kort. Høyrer korta saman, er det eit par. Eleven som fann paret beheld desse korta. Den som får flest par vinn.




Bronsealderlotto, ark 2

SPiRE

Klipp ut korta frå ark 1 og 2.

Grupper på to eller fleire elevar samarbeider om oppgåva. Bland korta godt og legg dei opp ned på bordet. Ein elev trekkjer to kort. Høyrer korta saman, er det eit par. Eleven som fann paret beheld desse korta. Den som får flest par vinn.



Bronsebukkar

To bronsebukkar frå Hadeland er eit av dei viktigaste og mest kjente arkeologiske funna frå bronsealderen i Noreg.

Funntad

I 1924 jobba ei ung jente ved namn Ragnhild Børresen på ein gard. Ein dag fann ho ein uvanleg gjenstand i jorda.



Her er nokre fleire fakta om bronsebukkane:

- Dei er dei største bronsefigurane som er funne i Noreg.
- Dei er dei einaste bronsefigurane i Noreg som har horn.
- Dei er truleg laga i Danmark, før dei seinare kom til Hadeland i Noreg.
- Bronse er ei blanding av forskjellige metall. Vanlegvis ei blanding av kopar og tinn.

Ho viste han til faren sin, og dei byrja å grave vidare i åkeren. Då fann dei to vakre bronsebukkar.

Forskarar meiner at bronsebukkane vart laga i bronsealderen, som var perioden frå ca. år 1800 f.Kr. til ca. år 500 f.Kr.

Utseende

Bronsebukkane er 30 centimeter høge og veg 2,5 kilo kvar. Dei er laga av bronse. Bukkane har eit merkeleg utseende. Dei har horn som geiter, men kroppen ser meir ut som ein hest. Forskarane har funne ut at hovuda til dei to bukkane var festa til noko anna i byrjinga, kanskje på eit lite bronseskip. Slike skip med dyrehovud var vanlege i bronsealderen, for det har vi sett på gamle helleristningar.

Bruksområde

Dei trur at bukkane vart bruka i religiøse ritual, eller at dei vart offergåver til gudane. Bronsebukkane kunne ha blitt sett på som symbol på guddommar eller ånder knytte til naturen, kanskje solguden. Trua på at desse gjenstandane kunne vere beskyttande eller bringe hell, kan ha ført til at folk trudde bukkane hadde magisk kraft.

Viktig funn

Sammen med Bronsebukkane vart det òg funne tre halsringar, ein draktnål og heile 353 små perler. Dette fascinerande funnet gir oss eit innblikk i livet i bronsealderen. Dette er eit viktig kulturminne som vi er heldige å ha funne.

bukk

åker

bronse

Religiøse ritual

helleristning

